



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

2/2016

NOVEMBER • ÅRGANG 23

## Gjenbruksmåltid til jul

Lag spennande nye rettar av julematrestane

Les meir på side 4 og 5.

## Ingen tømmekalender i posten

Les meir på side 2 og 3.





# Ingen tømme kalender i posten

For å spara både miljøet og kostnader vert ikkje tømme kalenderen for 2017 sendt ut til alle husstandar i år. SIM oppmodar dei som har høve til det å nytta våre digitale løysingar, som APP eller nettsider. **Dei som likevel ynskjer det kan få papirutgåva.**

Ved å kutta ut masseutsending av tømme kalenderen sparar me miljøet ved at me brukar og kastar mindre papir. Den digitale kvardagen gjer det mogeleg for oss å gjennomføra slike miljøsparende tiltak. SIM arbeidar målretta for at abonnentane skal få informasjon via nettsider, facebook og andre digitale kanalar, og me veit at mange allereie brukar desse i fullt monn. Vår prisløna tømme kalender APP har om lag 17 000 nedlastingar, og tendensen er at fleire og fleire ynskjer tømme kalenderen i «lomma».

## Papirkalenderen er ikkje «død»

Det vil likevel vera fullt mogeleg å få papirutgåva av tømme kalenderen for dei av våre abonnentar som ynskjer det.

### Då har ein fleire alternativ:



Du kan printe ut ein versjon frå våre nettsider [sim.as](http://sim.as)



Du kan hente tømme kalender ved ein av våre miljøsentralar



Du kan hente tømme kalender på rådhuset/kommunehuset




Du kan be SIM sende ein kalender til deg i posten.

Kontakt oss på tlf. 53 45 78 50 eller e-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)



# Rett på sak



Me har hatt ein liten ryddesjau på nettsida vår, slik at det blir endå enklare for deg å raskt finna informasjonen du treng i kvardagen.




**Kva bosdunk skal eg setja ut i kveld? Kor lenge har miljøsentralen ope, og kva kostar det å levera tilhengarlasset og har gjort klart?**

Dette er typiske spørsmål som innbyggjarane i SIM-kommunane ønskjer svar på når dei klikkar seg inn på nettsida til SIM. For å gjera det endå lettare å finna kjapt fram til praktisk informasjon, har me no rydda litt på nettsida.

Tømmekalender for din kommune, opningstidene for miljøsentralane, SIM sine prisar og gebyr, informasjon om ditt avfall og kva me gjer med det; alle har dei fått ein eigen, tydeleg snarveg på framsida – slik at det blir

færrast mogleg klikk mellom deg og opplysningane du søker.

Så lurer du på kva du skal gjera med dei utslitne bildekka dine, korleis du skal sortere plastemballasje, eller noko som helst anna knytt til SIM si verksemd?

Finns fram   eller  og klikk deg inn på [www.sim.as](http://www.sim.as)

# Lag spennande nye rettar av julematrestane

I jula kastar nesten kvar femte nordmann meir mat enn elles i året. Men med litt kreativitet, og kanskje nokre raske oppskriftssøk på nettet, kan restane etter julefeiringa bli til herlege nye rettar.

Kvart år kastar me nordmenn 217 000 tonn mat som kunne ha vore eten. Ekstra ille er det i julehøgtida. I ei landsomfattande undersøking gjennomført av InFact Norge for Electrolux i 2012, opplyste 17,7 prosent av dei spurte at dei kastar meir mat i jula enn elles i året. Me veit og av erfaring at dette er tilfellet i SIM-området.

Kva kan me så gjera for å redusera det omfattande matsvinnet? Det opplagde svaret er sjølvsagt å handla inn det ein treng – og ikkje hamstra.

Men i tillegg kan me også bli flinkare til å bruka opp maten me har kjøpt. Nettet bognar av spennande oppskrifter, så den som leitar han finn:

Her er nokre tips som kanskje kan inspirera til kreative «gjenbruksmåltid» når du har fått nok av den tradisjonelle julematen men kjøleskapet framleis er fylt av ingrediensar og restar frå trivelege lunsjar og middagar:



## Pinnekjøtt Brandade

Ein rett med røter i Frankrike og Spania, der den tradisjonelt vert laga med utvatna kokt klippfisk som vert riven sund med fingrane og blanda inn i potetmos med kvitløk. Kanskje den beste pinnekjøttreteretten som finst? Full oppskrift finn du på [matprat.no](http://matprat.no). ([www.matprat.no/opskrifter/gjester/pinnekjott-brandade/](http://www.matprat.no/opskrifter/gjester/pinnekjott-brandade/))



## Terteskjell med kalkun

Tilset fargerike grønnsaker og kylling- eller kalkunkjøttrestar i ein nydeleg basilikumsaus og server i sprø terteskjell. Full oppskrift finn du på [matprat.no](http://matprat.no) ([www.matprat.no/opskrifter/kos/terteskjell-med-kalkun/](http://www.matprat.no/opskrifter/kos/terteskjell-med-kalkun/))



## Soyaglasert ribbe på spyd

Ei utruleg smakfull løysing for deg som har svineribbe igjen etter ein betre ribbemiddag. Med ein sursøt glaze bestående av honning, soya, kvitløk, chili og lime får ribba en asiatisk smaksvri som vil gleda ganen. Full oppskrift finn du på [matprat.no](http://matprat.no). ([www.matprat.no/opskrifter/gjester/soyaglasert-ribbe-pa-spyd/](http://www.matprat.no/opskrifter/gjester/soyaglasert-ribbe-pa-spyd/))





## Lær meir om matvit

[matvett.no](http://matvett.no) er ei nettside for alle som ønskjer å læra korleis me kan bli flinkare til å kasta mindre mat, og som ønskjer å bidra med tankar, idear og handlingar til me kjem matsvinnet til livs.

Her finn du mellom anna praktiske tips og råd, oppskrifter og mange fakta om matsvinn.



[matvett.no](http://matvett.no)



## Ekstrasekk til julebaset?

### Kva skal i sekken?

Restavfall. Denne sekken er eit tilbod til deg som av og til har trong for litt ekstra plass til restavfallet.

### Kva skal IKKJE i sekken?

EE- avfall, farleg avfall, og matavfall.

### Kvar leverar eg sekken?

Sekken kan du setje ut saman med restavfallsdunken.

### Kvar får eg tak i sekken?

Den får du kjøpt på ein av SIM sine miljøsentralar, eller i kundetorget på kommunehuset/rådhuset.

### Kostar det noko?

Sekken kostar 50 kroner.



### VISSTE DU AT...

#### Julegåvepapir er restavfall

Julegåvepapir og pakkeband skal kastast i restavfallsdunken og ikkje i dunken for papir? Årsaka er at gåvepapir er gjennomfarga og inneheld for lite fiber til at det kan attvinnast til nytt papir.



## Vaflar med røykelaks og fenalår

Gi dei høgt elska men trauste vaflane nytt liv med spekemat eller røykelaks! Dette er suveren norskinspirert streetfood! Full oppskrift finn du på [matprat.no](http://matprat.no). ([www.matprat.no/opskrifter/kos/vafler-med-rokelaks-og-fenalar/](http://www.matprat.no/opskrifter/kos/vafler-med-rokelaks-og-fenalar/))

## Unngå frost i biodunken

Når gradestokken no kryp nedover, minner me om eit lurt lite triks for å hindra at bioavfallet fryser fast i dunken i vinterkulda: Legg litt ekstra

strø eller eggekartong nedst i dunken – så unngår du fastfrose bioavfall som er vanskeleg å få ut av dunken.



# Velkommen til nyopning!

Utvida opningstid. Romslegare. Meir oversiktleg. Betre sortering. Meir gjenbruk: På den nye miljøsentralen i Hollundsdalen er det blitt enklare og greiare å kvitta seg med avfall på rett måte. 6. desember er det offisiell opning, og du er hjarteleg velkommen.

Etter litt over eit års bygging er Engelsen Entreprenør ferdig, og det flunkande nye og topp moderne avfallsanlegget er klart for innrykk. Klart til å sørjja for effektiv og trygg handtering av avfall, med fokus på attvinning av materialar som kan brukast til noko nytt.

Målet med oppgraderinga har vore todelt: Å leggja til rette for endå betre avfallssortering, og å gjera det enklare og greiare for bømlingane å kvitta seg med avfall – anten ein er privatperson eller næringskunde. Sentralen er vorten romslegare og meir oversiktleg, med langt betre trafikkavvikling. Og for å

gjera det endå enklare å bli kvitt avfall, har me dessutan utvida opningstida (sjå eigen faktaboks). Omega Areal har prosjektert anlegget – etter mal frå Heiane miljøsentral på Stord. Prislappen på utbygginga: Vel 35 millionar kroner.

Det nye anlegget gir bømlingane eit komplett avfallstilbod. Her kan du levera alt av avfall, og du kan kjøpa kompostjord som er framstilt av bio- og hageavfall. I tillegg er miljøsentralen utstyrt med eit heilt nytt tilbod : «Godd brukande». Her kan du plassera ting som du vil kvitta deg med, men som framleis er godt brukande og kan vera til glede og

nytte for andre. Dermed kan alt frå sykklar til barnevogner, kjøkkenstolar, akebrett, stereoanlegg, bøker og hagemøblar få nytt liv hos andre besøkande på miljøsentralen. SIM har tilsvarande ordning på miljøsentralane på Stord og i Kvinnherad.

6. desember frå klokka 12 og utover feirar me med offisiell opning, kulturelle innslag og lett bevertning. Alle som ønskjer å delta er hjarteleg velkomne!



## Fjerna skrot frå hamnebassenget

Nær tre tonn avfall vart henta opp frå hamnebassenget på Leirvik laurdag 24. september, då Stord undervannsklubb, Stord hamnstell og SIM samarbeidde om ein vellukka ryddeaksjon. Godt jobba av alle dei frivilljuge dykkarane som var uti «bassenget» denne dagen!



## Endra opningstider på miljøsentralane

SIM sine kundar har gjeve oss tilbakemelding på at dei ønskjer endring i opningstider på miljøsentralane. Me ser og av statistikken vår at miljøsentralen er eit tilbod fleire og fleire nyttar seg av.

Våre kundar er viktige for oss og me prøver så godt råd er å tilpasse våre tilbod til kundane sitt behov. Det vert difor endra opningstider ved fleire av våre miljøsentralar frå 2017. Nokre endringar går på utvida opningstider, medan andre endringar går på opningstider på andre tidspunkt enn før.

**Sjå siste side for opningstider på miljøsentralane.**



### Kva kan du levera?

På miljøsentralen kan du levera avfall som du ikkje får plass til i bosunken, eller som du ikkje har lov til å kasta der.

Døme på slike typar avfall er elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall), farleg avfall, møblar og andre store gjenstandar.





**SENDER:**

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmåget  
N-5419 Fitjar

**OFFENTLEG INFORMASJON**

# Papir og rest vert aldri blanda. Punktum.

Tømmer bosbilsjåføren to forskjellige dunkar i same bil på tur gjennom ditt nabolag? Slapp av, sorteringa di er ikkje forgjeves.


– I Kvinnherad, Austevoll og Tysnes hentar me hushaldsavfall med såkalla tokammerbilar. Disse har, som namnet tilseier, to ulike avfallskammer som er heilt isolerte frå kvarande. papir blir tømt i eine kammeret, restavfall i det andre, forklarar driftsleiar for innsamling, Arild Vik.

**Inga miksing**

Vel framme i omlastehallen på Heiane, vert dei to avfallstypene tømt i separate haugar. Papiravfallet vert så sendt vidare til gjenvinningsanlegg som lager nytt papir av det gamle. Restavfall går til energigjenvinning.

– Hadde me blanda rest i papiret, hadde me ganske enkelt ikkje fått levera papiret til gjenvinning. Så dei to avfallstypene vert aldri blanda! fastslår Vik.

Illustrasjon på tokammerbil.

**Sparer miljø og kostnader**

Han forklarar at SIM nyttar tokammerbilar for å gjera bosinnsamlinga så effektiv som mogleg.

– Med to separate kammer slepp bosbilen køyra to gonger gjennom same område, ei løysing som er spesielt effektiv i grisgrendte strøk der busetnaden er spreidd. Mindre køyring sparer både miljøet og kostnadene til innsamling, forklarar Vik – og legg til at det i andre delar av landet vert nytta bilar med heile seks ulike kammer.

## 🕒 OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE\* (gjeld f.o.m. 1. jan. 2017)

\*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

**AUSTEVOLL, PORSDALEN**

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april - 30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt. - 31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

**BØMLO, HOLLUNSDALEN**

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00

Perioden 1. april - 30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.

Perioden 1. okt. - 31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

**FITJAR, SVARTASMÅGET**

Måndag kl. 10.00-18.00

**KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE**

Måndag og torsdag kl. 13.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

Perioden 1. april - 30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt. - 31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

**STORD, HEIANE MILJØSENTRAL**

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00

Laurdag kl. 10.00-14.00

**SVEIO, SVEIÅSEN**

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

**TYSNES, EREDALEN**

Tysdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april - 30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt. - 31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

**Fakta: Hushaldsavfall til attvinning**

\* SIM sendte i 2015 2255 tonn papir til materialgjenvinning

\* SIM sendte i 2015 12214 tonn restavfall til energigjenvinning



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmåget, N-5419 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50

E-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)  
Nettstad: [www.sim.as](http://www.sim.as)

**SIM**